

VEDTEKTER for gravplassane i ULLENSVANG (forskrift)

Vedteke av Ullensvang kyrkjelege fellesnemd 16.06.2020.

Godkjent av Bjørgvin bispedømeråd 07.07.2020.

§ 1 FORVALTNING

Gravplassane i Ullensvang kommune er underlagt Ullensvang kyrkjelege fellesråd sitt administrasjons- og myndeområde.

§ 2 BRUK/TILHØYRE TIL GRAVPLASS

- Avlidne personar skal gravleggjast på den gravplassen dei soknar til eller på annan gravplass i kommunen.
- Personar som på grunn av sjukdom eller alderdom har budd i ein annan kommune mot slutten av livet, kan gravleggast i Ullensvang etter løyve frå gravplassforvaltninga.
- Avlidne personar som ikkje er busett i kommunen, kan få gravplass mot at kostnadane ved gravferda og avgift som ved feste av grav vert betalt.
- Festa grav kan nyttast fritt uavhengig av kva sokn ein høyrer til.

§ 3 FESTE AV GRAV, FREDINGSTID OG FESTETID

- Fredingstid for urnegraver er 20 år og for kistegraver 25 år (20 år på Berjaflot, 30 år i Røldal). Festebolken er 5 år.
- Når kistegrav vert teken i bruk er det høve til å festa ei grav ved sida, og etter skriftleg søknad til gravplassforvaltninga kan ein ved særskilte tilhøve få festa ei ekstra grav i tillegg. Desse gravene utgjer ein gravstad.
Ved feste av grav ved sidan av den kistegrava som vert teken i bruk, er festetida 20 år.
- Det er ikkje høve for andre enn dei som bur i kommunen å festa grav ved sida av. Det kan berre festast grav ved sida av på den gravplassen ein soknar til.
- Ved bruk av ei urnegrav (inntil 4 urner) kan det ikkje festast grav ved sida av.
- Når fredingstida eller festetida er ute, kan gravstaden festast for 5 år om gongen mot den festeavgift som til ei kvar tid gjeld. I god tid før festetida er ute skal fester få melding om dette. Vert ikkje festet fornya innan 6 månader etter varsel og purring, fell gravstaden tilbake til gravplassen og kan nyttast på ny.
- Når det er gått 60 år etter siste gravleggjing, kan festet berre fornyast etter skriftleg søknad til gravplassforvaltninga, og fornying av festet ikkje er til hinder for drifta av gravplassen.
- Ingen kan gravleggjast i festa grav utan fester sitt samtykkje. Om den ansvarlege for grava eller fester sitt samtykkje ikkje kan hentast inn i samband med bruk av grava, kan kyrkjeleg fellesråd ta avgjerd om gravlegging.

- Fester pliktar å melda om endring av adresse, eller endring av fester. Festeavgift vert ikkje tilbakebetalt med mindre dette fylgjer av bindande rettsreglar.

§ 4 GRAV OG GRAVMINNE

- Ved opning av grav kan jord leggjast på omkringliggjande graver og gravutstyr mellombels flyttast, dersom dette er naudsynt. Gravplassforvaltninga vil syta for istandsetjing og at grava vert planert og sådd til etter innarbeidde rutiner.
- Montering av gravminne kan først finna stad etter at gravplassforvaltninga har godkjent gravminnet og merka staden der gravminnet skal setjast opp.
- Gravminne kan ikkje setjast opp før tidlegast 6 månader etter gravlegging av kiste. I mellomtida set gravplassforvaltninga opp eit merke med avlidne sitt namn. Dette merket vil verta teke bort etter 5 år på dei gravene der det ikkje vert sett opp gravminne.
- Ståande gravminne skal vera sikra mot velting. Fester pliktar å syte for å retta opp gravminnet straks om det sig skjeivt.
- På ny grav der det er festa ved sida av, vert gravminnet plassert i bakkant av fyrste grava som vert teken i bruk, og vert etter neste gravlegging i gravstaden sentrert over desse to gravene.

§ 5 PLANTEFELT OG GRAVUTSTYR

- Framfor gravminnet er det høve til å opparbeida plantefelt i høgde med bakken omkring. Det kan ikkje vera breiare enn gravminnet, og ikkje koma lenger fram enn 60 cm målt frå gravminnet sin bakkant.
- Det kan ikkje plantast blomar eller buskar som overstig gravminnet si høgde.
- Det er høve til å rama inn plantefeltet med ein delt kant av hoggen naturstein som fluktar med terrenget omkring. Det kan leggjast ned ei plate framom gravminnet i staden for plantefelt. Ei slik plate kan ikkje vera breiare enn gravminnet, og skal ikkje gå lenger fram enn 50 cm frå gravminnet. Plata skal liggja støtt i jorda og må vera minst 5 cm tjukk. Det skal ikkje leggjast kantstein rundt plata.
- Lause pynteting som lykt og vase kan setjast opp i plantefeltet på eige ansvar, og skal fjernast etter bruk. Det skal brukast vasar som er lagt til rette for bruk på graver.
- Planter, kransar og liknande materiale som vert nytta ved gravferd eller ved pynting av grav skal så langt råd vera av material som kan komposterast.

§ 6 STELL AV GRAV

Ein kvar som fester ei grav eller har ansvaret for ei fri grav har rett og plikt til å stella den grava han har ansvaret for. Ansvarleg for grav eller fester pliktar å halde gravminne sikra og i forsvarleg stand.

Plantefelt som ikkje vert planta og stelt, vert sådd til av gravplassforvaltninga.

§ 7 AVTALE OM GRAVSTELL

Ansvarleg for grav eller festar kan gjere avtale om at kyrkjeleg fellestråd, og den som får løyve til det etter § 9, kan utføra planting og stell av grav, samt montering, sikring og vedlikehald av gravminnet. Ein slik avtale fritenk ikkje den ansvarlege eller festar frå det ansvaret dei har etter reglane som til ei kvar tid gjeld.

§ 8 BÅREROM

Bårerom vert disponert av kyrkjeleg fellestråd og skal berre nyttast til oppbevaring av døde i tida fram til gravferda. Ingen har tilgjenge utan løyve. Liksyning kan berre finna stad etter samtykkje frå den som syter for gravferda.

§ 9 NÆRINGSVERKSEMD.

Næringsdrivande som ynskjer å driva verksemd på gravplassen skal innhenta løyve frå kyrkjeleg fellestråd. Løyve kan kallast attende dersom vedkomande ikkje rettar seg etter dei reglar som gjeld. Slik verksemd kan berre omfatta montering og vedlikehald av gravminne, og planting og stell av graver.

§ 10 VERNA GRAVMINNE.

Verna / freda gravminne og anna gravutstyr vert ivareteke av gravplassforvaltninga etter avtale med fester.

Etter at festet er gått ut, fell gravminne og utstyr tilbake til gravplassen, og vedlikehaldsplikta vert ivareteke av gravplassforvaltninga.

Gravplassforvaltninga har ansvar for oversikt over verna og freda graver.

§ 11 AVGIFTER.

For avgifter knytt til feste og andre tenester det vert teke betaling for, vert det vist til dei vedtak som til ein kvar tid er gjeldande.